



Arkivnr: 2017/3598-1

Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		09.05.2017

Redusert eigendel elev-pc**Samandrag**

Under budsjettetahnsaminga i fylkestinget i desember 2016 vart det løyvd 3 mill. kr ekstra til redusert eigendel skule-pc. I denne saka vert det diskutert korleis denne løyvinga skal delast ut.

Skulane har rett til å organisere opplæringa slik at elevane treng tilgang til kvar sin berbar datamaskin på skulen dagleg. Opplæringslova stiller krav om at vidaregåande opplæring skal vere gratis for elevane, og skuleigar pliktar mellom anna å halde elevane med nødvendig digitalt utstyr. Lova opnar for at skuleigar kan krevje eigenbetaling for å dekkje kostnader for pc-ar, jf. oppl.lova § 3-1 niande ledd. Eigendelen kan ikkje vere høgare enn Lånekassen sin lågaste sats for utstyrssstipend (kalt lågaste stipendsats). For skuleåret 2017/18 er dette stipendet kr 1 014,- pr år, i 2016 var det kr 991,-. Maksimal eigendel for ein elev-pc er 3 x lågaste stipendsats totalt kr 3 042,- i 2017/18.

Alle nye elevar som begynner på Vg1 ved ein fylkeskommunal vidaregåande skule, får tilbod om å kjøpe elev-pc. I tillegg kan lærlingar som går rett i lære eller som ikkje har kjøpt pc tidlegare, kjøpe subsidiert grunnmodell dersom dei får teoriundervisning ved ein av våre vidaregåande skular. Vaksne som begynner i eit vaksenopplæringstilbod, får også tilbod om å kjøpe subsidiert grunnmodell.

Skuleåret 2015/16 vart det seld 3 624 pc-ar og mac-ar. Året etter vart det seld 3 693 pc-ar og mac-ar. Om lag 67 % av dei som kjøpte pc i 2015/16, kjøpte grunnmodellen. I 2016/17 var det om lag 59 % av dei som kjøpte pc, som valde grunnmodellen.

Det er venta om lag 200 færre elevar i Vg1 i skuleåret 2017/18 enn i 2016/17. Talet på vaksne og lærlingar som kan kjøpe pc, vert om lag det same som dei to tidlegare skuleåra. Det same gjeld for elevtalet i private skular. Fylkesrådmannen legg til grunn at om lag 5100 elevar i Vg1 kan kjøpe pc neste skuleår. Talet på vaksne og lærlingar vert som før; om lag 1100.

Dersom vi legg til grunn at 3700 elevar eller 60 % av elevmassen vil nytte seg av tilbodet - og reduserer eigenbetalinga med kr 800,-, vil det gje ein total kostnad på om lag 3 mill. kr. Dersom berre 2500 elevar/40 % av elevmassen skulle velje å nytte seg av dette tilbodet, vil kostnaden bli om lag 2 mill. kr, og dersom 75 % kjøper, vil kostnaden bli om lag 3,7 mill. kr.

Gitt dei økonomiske rammene som fylkeskommunen har, vil fylkesrådmannen rá til at ein legg tala over til grunn og reduserer eigenbetalinga med kr 800,-. Eigenbetalinga for grunnmodellen neste skuleår vert då kr 2 242,-.

Forslag til vedtak

1. Ekstraløyvinga til redusert eigendel for skule-pc vert nytta til å redusere prisen på standardmodellen.
2. Elevar, vaksne og lærlingar får redusert eigenbetaling for standardmodellen med kr 800,-.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å korrigere eigenbetalinga årleg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkessjef opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.04.2017

Under budsjettetthandsaminga i fylkestinget i desember 2016 vart det løyvd 3 mill. kr ekstra til redusert eigendel skule-pc. I denne saka vert det gjort framlegg om korleis denne løyvinga skal delast ut.

Om ordninga:

Hordaland fylkeskommune har ei pc-ordning der elevane eig pc-ane sine sjølve. Elevane får tilbod om å kjøpe subsidiert pc gjennom vår innkjøpsavtale; alternativt kan elevane nytte ein pc dei eig.

Elevane får tilbod om å kjøpe tre ulike subsidierte modellar:

- ein grunnmodell
- ein kraftigare PC-modell
- ein MAC- modell.

Dei siste åra har subsidien til kraftig pc og Mac vore lågare enn subsidien til grunnmodellen. Dette skuldast først og fremst eit ønske om å halde prisane så låge som mogleg på grunnmodellen, men også at ein har hatt dialog med andre fylkeskommunar før prissetting. Økonomisk stønad til grunnmodellen er differansen mellom totalpris på grunnmodell og 3 x lågaste utstyrssstipendsats. I skuleåret 2016/17 er subsidien til grunnmodellen om lag kr 2 050,-. Til den kraftige pc-en er subsidien om lag kr 1 550,- og til Mac-maskina om lag kr 750,-.

Ved å organisere innkjøpet som eit felles kjøp er det grunn til å tru at fylkeskommunen får gode rabattar. I tillegg kan fylkeskommunen krevje mva-frådrag for pc-ane. Dette er med på å bidra til at prisane som HFK gir til elevane, vert lågare enn det ei tilsvarende maskin vil koste kjøpt enkeltvis i ein butikk. Mva-frådraget er om lag kr 1 250,- på grunnmodellen i 2016/17.

Statistikk syner at det er vanskeleg å krevje inn eigenbetaling i år 2 og år 3. Nokre elevar har flytta, og vi får ikkje tak i ny adresse, medan nokre elevar utelet å betale slik at vi må krevje inn eigenbetalinga via inkasso. På bakgrunn av dette vart det etablert ei ordning med ein rabatt på kr 500,- ved kjøp av grunnmodellen kontant ved oppstart. Elevar som vil ha ein kraftigare pc-modell eller MAC-modell, må betale heile eigendelen ved oppstart.

Kven kan kjøpe elev-pc i Hordaland

Alle nye elevar som begynner på Vg1 ved ein fylkeskommunal vidaregåande skule, får tilbod om å kjøpe subsidiert elev-pc. I tillegg kan lærlingar som går rett i lære eller som ikkje har kjøpt pc tidlegare, kjøpe subsidiert grunnmodell dersom dei får teoriundervisning ved ein av våre vidaregåande skular.

Vaksne som begynner i eit vaksenopplæringstilbod, får også tilbod om å kjøpe subsidiert grunnmodell. Dei vaksne får ikkje tilbod om å kjøpe på avbetaling. Dersom den vaksne ikkje har anledning til å kjøpe grunnmodellen ved skulestart, og ikkje har eiga maskin ho/han kan nytte, har Hordaland fylkeskommune ei utlånsordning. Årsaka er at vaksne som deltek i vaksenopplæringstilbod, ikkje har rett på utstyrssstipend.

Elevar ved private vidaregåande skular kjem ikkje inn under ordninga. Dersom ein elev vel å gå frå privat til offentleg vidaregåande skule, får dei kjøpe subsidiert pc også i Vg2 og Vg3. Det same gjeld for elevar som kjem frå andre fylkeskommunar. Begge desse gruppene må betale heile eigendelen på 3 x lågaste utstyrssstipendsats ved oppstart.

Elevar i innføringsklassar får låne pc av skulen. Ved oppstart i Vg1 går dei inn i den ordinære elev-pc-ordninga.

Rett til å krevje eigenbetaling

Skulane har rett til å organisere opplæringa slik at elevane treng tilgang til kvar sin berbare datamaskin på skulen dagleg. Opplæringslova stiller krav om at vidaregåande opplæring skal vere gratis for elevane, og skuleeigar pliktar mellom anna å halde elevane med nødvendig digitalt utstyr. Lova opnar for at skuleeigar

kan krevje eigenbetaling for å dekke kostnader for pc-ar, jf. oppl.ova § 3-1 niande ledd. Eigendelen kan ikkje vere høgare enn Lånekassen sin lågaste sats for utstyrsstipend (kalla lågaste stipendsats). For skuleåret 2017/18 er dette stipendet kr 1 014,- pr år. I 2016 var lågaste stipendsats kr 991,-. Maksimal eigendel for ein elev-pc er 3 x lågaste stipendsats, totalt kr 3 042,- i 2017/18.

Grunnlag

Skuleåret 2015/16 vart det seld 3 624 pc-ar og mac-ar. Året etter vart det seld 3 693 pc-ar og mac-ar. Om lag 67 % av dei som kjøpte pc i 2015/16, kjøpte grunnmodellen, medan om lag 59 % av dei som kjøpte pc i 2016/17, kjøpte grunnmodellen.

Tabellen under syner talet på elevar i Vg1, vaksne og lærlingar som kjøpte dei ulike modellane i åra 2015/16 og 2016/17.

Modell	2015/16			2016/17		
	Vg1	Vaksne og lærlingar	Totalt	Vg1	Vaksne og lærlingar	Totalt
Grunnmodell kontant	1 618	332	1 950	1 459	211	1 670
Grunnmodell avbetaling	469	-	469	491	-	491
Totalt grunnmodell	2 087	332	2 419	1 950	211	2 161
Kraftig pc	439	-	439	600	-	600
Mac maskin	766	-	766	932	-	932
Totalt solgt	3 292	332	3 624	3 482	211	3 693
Andel grunnmodell	63 %	100 %	67 %	56 %	100 %	59 %
Andel kraftig pc	13 %	0 %	12 %	17 %	0 %	16 %
Andel Mac maskin	23 %	0 %	21 %	27 %	0 %	25 %
Totalt	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

Tabellen under syner elevmassen i åra 2015/16 og 2016/17.

Elevtal	2015/16			2016/17		
	Vg1	Vaksne og lærlingar	Totalt	Vg1	Vaksne og lærlingar	Totalt
Årskull frå 10 klasse	6 600	1 100	7 700	6 300	1 100	7 400
Andel i priv skular	1 000		1 000	1 000		1 000
Kan kjøpe subsidiert pc	5 600	1 100	6 700	5 300	1 100	6 400
Andel kjøpt grunnmodell	37 %	30 %	36 %	37 %	19 %	34 %
Andel kraftig pc	8 %	0 %	7 %	11 %	0 %	9 %
Andel Mac maskin	14 %	0 %	11 %	18 %	0 %	15 %
Andel ikkje nytta seg av tilbod	41 %	70 %	46 %	34 %	81 %	42 %
Totalt	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

Det er venta om lag 200 færre nye elevar i Vg1 i skuleåret 2017/18 enn i 2016/17. Talet på vaksne og lærlingar som kan kjøpe pc er venta å verte om lag likt som dei to tidlegare skuleåra. Det same gjeld for elevtalet i private skular. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at om lag 5100 nye elevar i Vg1 kan kjøpe pc neste skuleår. Talet på vaksne og lærlingar vert som før; om lag 1100.

Av tabellen går det fram at 9 % av elevmassen kjøpte den kraftige pc-modellen i 2016/17. I 2015/16 var det 7 % som kjøpte denne modellen. 15 % av elevmassen kjøpte Mac-maskin i 2016/17. I 2015/16 var det 11% som kjøpte denne modellen. Veksten i talet på selde kraftige pc-ar og Mac-maskiner tyder på at det ikke er trond for å auke subsidieringa av desse maskinene. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at det berre er på grunnmodellen eigenbetalinga skal reduserast.

Framlegg til endring i eigenbetalinga

Inneverande skuleår var det om lag 42 % av total elevmasse som ikke nytta seg av tilboden. Det er grunn til å tru at redusert eigenbetaling for grunnmodellen vil føre til at fleire vil kjøpe den. Det er budsjettet med 3 mill. kr til redusert eigenbetaling for skuleåret 2017/18. Dersom ein legg til grunn at både elevar, lærlingar og vaksne skal få redusert eigenbetalinga på grunnmodellen - og at same del, dvs. 40 % av elevmassen kjøper grunnmodellen - vil det vere rom for å redusere eigenbetalinga med om lag kr 1 200,-. Det er grunn til å tru at ein slik reduksjon i eigenbetalinga vil føre til at fleire vil nytte seg av tilboden om å kjøpe grunnmodellen. Dersom 60 % kjøper grunnmodellen, vil det vere rom for å redusere eigendelen med om lag kr 800,-. Om ein legg til grunn at 75 % av elevane vil kjøpe grunnmodellen, vil det gje rom for å redusere eigenbetalinga med om lag kr 650,-.

Tabellen under syner grunnlag for reduksjon i eigenbetaling når høvesvis 40 %, 60 % og 75 % av elevmassen kjøper grunnmodellen.

Skuleåret 2017/18		
Tal elevar, vaksne og lærlingar som kan kjøpe subsidert pc		6 200
Tal elevar som kjøper		
Dersom 40 % nyttar avtalen		2 500
Dersom 60 % nyttar avtalen		3 700
Dersom 75 % nyttar avtalen		4 650
Grunnlag for redusert eigenbetaling		
40 % av elevmassen nyttar seg av tilboden	kr	1 200
60 % av elevmassen nyttar seg av tilboden	kr	800
75 % av elevmassen nyttar seg av tilboden	kr	650

Alternative kostnader:

Alternativ 1

Dersom vi legg til grunn at 2500 elevar eller 40 % av elevmassen vil nytte seg av tilboden, og vi reduserer eigenbetalinga med kr 1 200,-, vil det gje ein total kostnad på 3 mill. kr. Dersom 3700 elevar eller 60 % av elevmassen skulle velje å nytte seg av dette tilboden, vil kostnaden bli om lag 4,5 mill. kr. Dersom 4350 elevar - 75 % av elevmassen - kjøper, vil kostnaden bli om lag 5,6 mill. kr.

Kostnad ved reduksjon eigenbetaling kr 1 200,-	Kostnad
Dersom 40 % nyttar avtalen	3 000 000
Dersom 60 % nyttar avtalen	4 440 000
Dersom 75 % nyttar avtalen	5 580 000

Alternativ 2

Dersom vi legg til grunn at 3700 elevar eller 60 % av elevmassen vil nytte seg av tilbodet, og vi reduserer eigenbetalinga med kr 800,-, vil det gje ein total kostnad på om lag 3 mill. kr. Dersom berre 2500 elevar – 40 % av elevmassen - skulle velje å nytte seg av dette tilbodet, vil kostnaden bli om lag 2 mill. kr. Dersom 75 % kjøper, vil kostnaden bli om lag 3,7 mill. kr.

Kostnad ved reduksjon eigenbetaling kr 800,-	Kostnad
Dersom 40 % nyttar avtalen	2 000 000
Dersom 60 % nyttar avtalen	2 960 000
Dersom 75 % nyttar avtalen	3 720 000

Alternativ 3

Dersom vi legg til grunn at 4750 elevar eller 75 % av elevmassen vil nytte seg av tilbodet, og vi reduserer eigenbetalinga med kr 650,-, vil det gje ein total kostnad på om lag 3 mill. kr. Dersom berre 2500 elevar – 40 % av elevmassen - skulle velje å nytte seg av dette tilbodet, vil kostnaden bli om lag 1,6 mill. kr. Dersom 3700 elevar – 60 % - kjøper, vil kostnaden bli om lag 2,4 mill. kr.

Kostnad ved reduksjon eigenbetaling kr 650,-	Kostnad
Dersom 40 % nyttar avtalen	1 625 000
Dersom 60 % nyttar avtalen	2 405 000
Dersom 75 % nyttar avtalen	3 022 500

Oppsummering og tilråding:

Som det går fram av tabellen under, vil høg reduksjon av eigenbetalinga på kr 1200,- kombinert med høg del som vel å kjøpe (4650 elevar – 75 %) føre til at kostnaden vert om lag 5,6 mill. kr. Dette er 2,6 mill. meir enn dei budsjetterte 3 mill. kr. (Alternativ 1).

Ved mellomalternativet med reduksjon i eigenbetalinga på kr kr 800,- og låg del (2500 – 40 %) som vel å kjøpe, vil kostnaden verte om lag 1,4 mill. kr lågare enn dei budsjetterte 3 mill. kr. Dersom høg del (4650 – 75 %) vel å kjøpe, vert kostnaden om lag 0,7 mill. kr høgare enn budsjettet (Alternativ 2).

Ved låg reduksjon av eigenbetalinga på kr 650,- vil mindreforbruket ved lågt kjøp (2500 elevar - 40 %) verte om lag 1,4 mill. kr, medan mindreforbruket ved middels kjøp (3700 elevar – 60 %) verte om lag 0,6 mill. kr (Alternativ 3).

Kostnad ved ulike alternativ	2017/18		
	Alternativ 1 Kr 1 200,- i redusert eigenbetaling	Alternativ 2 Kr 800,- i redusert eigenbetaling	Alternativ 3 Kr 650,- i redusert eigenbetaling
Dersom 2500 elevar eller 40 % nyttar avtalen	3 000 000	2 000 000	1 625 000
Dersom 3700 elevar eller 60 % nyttar avtalen	4 440 000	2 960 000	2 405 000
Dersom 4650 elevar eller 75 % nyttar avtalen	5 580 000	3 720 000	3 022 500

Gitt dei økonomiske rammene som fylkeskommunen har, vil fylkesrådmannen rá til at ein legg til grunn alternativ 2 og reduserer eigenbetalinga med kr 800,-. Eigenbetalinga for grunnmodellen neste skuleår vert då kr 2 242,-.

Eigenbetaling		
Utstyrsstipend kr 1014*3	kr	3 042
Redusert eigenbetaling 60 %	kr	800
Eigenbetaling 2017/18	kr	2 242

Dei som vel å kjøpe grunnmodellen kontant, vil få ein ytterlegare prisreduksjon på kr 500,- slik at eigenbetalinga vert kr 1 742,-.